



Nelly Kjærland kan lokka med litt av kvart i bedehuskjellaren. Så godt kjent er kanskje ikkje tilbodet som ho har kalla Dei kreative - 8-88 år! Det finn stad på torsdagar frå klokka 17.30 til 19 og er eit forum der deltakarane på tvers av aldrar kan møtast og laga noko kreativt saman..

- Vi kan lære av kvarandre, seier Nelly og presenterer døme på kreativiteten i form av ei ugle og ein engel (sjå over og under).

Desse torsdagskveldane er sett av til dei kreative:

2.oktober, 16. oktober, 30. oktober, 13. november, 27. november og 11. desember.

Dei som er mellom 2. og 4. klasse må ha med ein vaksen person.

Lesestund og kveldsmat inngår også i programmet!

Nelly ber om at deltakarane tar med stoffrester for gjenbruk.

Ugleproduksjon er på timeplanen i oktober, og så kjem kurs i dropslagning og perling, toving av eple, engler av skjell og baking av julekaker.

Høyrest det ikkje spennande ut?

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

